

Fylkesmannen i Hordaland
Kaigt. 9
5015 Bergen

Bergen, 29.11.2013

Klage på utslepp

Vi viser til tidlegare klage av 30.5.2013 om BIR sine planar om å brenna spesialavfall i sitt forbrenningsanlegg i Rådalen.(vedlagt) utan å ha tilstrekkeleg kvalitetssikring. Som ei vidareføring av denne klagen har vi vore på synfaring i området rundt forbrenningsanlegget i oktober, og det viser seg at avløpet både frå forbrenningsanlegget og frå lagringa av restavfall i Stendafjellet ser ut til å renna ureinsa ut i Mjølkevika i Fanafjorden, like ved ein populær badeplass. Det luktar diesel frå avtrekket i samleikummane både i Pålamyra og i Mjølkevika. Særleg ille er det ved samleikumen i Pålamyra ved Skeievegen, der dei to avløpsledningane møtest. Her ser det også ut til å lekka ut forureina avløpsvatn som inneheld diesel ut i grunnen rundt pumpehuset. (sjå foto)

Naturvernforbundet Hordaland ber om at Fylkesmannen syta for at det blir teke kjemiske analyser for å slå fast kor ille det eigentleg er, slik at det kan ryddast opp i forholdet. Vi finn det også urovekkande dersom det viser seg at det blir lagra flytande avfall i Stendafjellet, som fører til diesellekkasje nedover heile avløpssystemet. Vi oppmodar difor Fylkesmannen om å inspisera lageret av restavfall og spesialavfall i Stendafjellet, for å sjekka eventuelle kritikkverdige forhold.

Med ønske om eit positivt svar.

Venleg helsing

For Naturvernforbundet Hordaland

Signe Sandberg
Leiar

Oddvar Skre
saksbehandlar

